

Ål 6. november 1979.

Til Universitetets Oldsaksamling

Fredriksgate 2,

O s l o .

*Jm* 1933/79

I det eg viser til brev frå Oldsaksamlinga av 17. nov. 1978, underskrive av førstekonservator Arne Emil Christensen, sender eg her kart og litt meir opplysingar om "Reinsgravidn" på Veståsen i Ål.

Ål Jordstyrekontor foretok i fjor haust ei oppmåling av feltet og tegna inn punkta me meinte kunne vera dyregraver. Fyrst no i haust fekk eg høve til å sjå nøyare på sakene og tegne inn detaljar på kartet. Koter og andre karttegn er berre forstørtra etter Ø.k.

Noko prov for at me her har å gjerå med eit fangstanlegg har eg enno ikkje, og er kanskje litt meir usikker enn då eg skreiv brevet til Oldsaksamlinga 20. oktober i fjor.

Lokaliteten er påvist av lærar Håkon Ulshagen og bonde Eirik Sandestølen. Dei er begge omkring 80 år og lommekjende i terrenget. Dei er ekte skoggangsmenn som har auga for slikt som verkar unaturleg i skogen.

Området ligg i ei slak austhelling, svakt ryggforma som kotene på kartet syner. Foto I er teke frå nord-aust. Vedreiset som syner kloss i vegkanten er merka X på kartet. Lendet er no stubbmark med litt ungbjørk og små granplanter. Vegetasjonen elles er vesentleg grasarter (Sjå foto II) so langt vestover som det er merka graver på kartet. Her blir det brått ei skinnare mark, noko som truleg boniteringsgrensa på kartet skal syne. Denne burde då, etter mitt skjøn ha gått kloss på vestsida av grav 2, 3 og 4. Elles er terrenget blokkrikt.

"Dyregravene" syner som grunne, langaktige holer i jorda. Lengderetningen er merka på kartet med "båtform". I nokre av dei gravene eg har stukke i med spett kjennest det steinfullt. Er det dyregraver, so må dei vera attfylte, noko som er rimeleg då det går krøterveg og drifteslepe over her. Elles er grunnen i seg sjølv steinfull.

Foto III gje eit heller dårleg bilete av grav nr. 22, sett frå sør-aust.

Desse holene med voll på aust- eller sør-aust-sida kan vera etter vindfall. Vestavinden har ogso eit par ferske slike på samvitet her i nærleiken. Kanskje vil dette syne seg å redusere

sterkt på talet av graver me har merka. Men eg har vanskeleg for å tru at a l l e kan vera gamle vindfall. Nokre moment som talar for dyregraver er:

1. Namnetradisjonen. At gravene sto åpne og synte godt då staden fekk namnet "Reinsgravidn". Noko merkeleg er det forresten ved dette namnet: Det er slett ikkje reinsterreng her. Det er skog og elgterreng.

2. Over plassen går det ogso i dag dyretrekk. Elgtrekk.

Myra på austsida heiter Elgsmryri. På bilete II syner denne, og i skogen på andre sida står ein elgjeger på post. Biletet vart teke fyrste jaktdagen i haust, 27. september.

3. Beltet der desse holene ligg er so å seia ein pasasje mellom naturlege hinder, blokk, urd og meir kupert lende.

Det ville i alle fall vera av interesse å få undersøkt

lokaliteten nøyare. Førstekonservator Christensen nemner i brevet sitt at ei prøvegraving kanskje kunne gjerast med fagleg hjelp dersom museets folk var på ei befaring her oppe like vel. I so fall skulle me med glede hjelpe til. Det har sjølv sagt stor lokalhistorisk interesse.

Dyregraver i høg fjellet i Ål.

På dei store fjellviddene i Ål finst det restar etter mange fangstanlegg. So å seia alle desse ligg utanom ramma for økonomisk kartverk, og er vel ikkje planmessig registrert.

I 1978 vart eit par slike anlegg, saman med nokre bogastelle og "Tuftte" ved Skarvanstølen, registrert av konservator Elizabeth Skjelsvik. (Flyfoto RAF 7056 0112).


Siste sumar har underskrivne gjort opptegningar om nokre andre fangstanlegg i området. Eg reknar ikkje med at dette er fullgod registrering. Eg hadde heller ikkje flyfoto og stereoskop. Men eg vonar at materialet kan vera til noko nytte for museet.

Vedlagt kart, foto og


hefte om dyregraver i høg fjellet.

Med helsing

*Ola Ellingsgard*  
3570 Ål.



VESTÅSEN BP 061-5-2



X-L



858

825

Reinsgravidn

Elgsmyre

.864.5

Haug

Hole

Dal

1:1000

Bløkk

4  
5  
6  
7  
8  
9

10

11

12

13

14

15

16

17

18

19

20

21

22

23

24

"Reinsgravidri" på Veståsen i Råe.

Foto I.



Foto II.



Foto III.



Dyregraveri høgfjellet i Rø.

Skarvangstølen, under Veslegard  
 og Torsteinsrud Lille Garbl, b.nr. 1  
 Eigarar av stølen er Mikkjel  
 Veslegard og Kåre Ola Etterlid.  
 Postadresse for begge: 3570 ÅL.  
 Båskerud fylke

DYREGRAV MED LEIEGJERDE,  
 SKARVANGSTØLEN I

Målt, beskrevet og fotografert  
 28. aug. 1979 av Ola Ellingsgard.

KARTREF: M711 1516T, og 633/395

Utanom ramme for Ø.k.

Ca. 1200 m. s.v for krysset Hemsestals-  
 vegen - Gravabottvegen. Ca. 1350 m. o.h.

TERRENGET er iordt med små

NAMNET PÅ EIGEDOMEN:

Skarvangstølen, under Veslegard  
av Torsteinsrud/Lille G.nr. 61, br. nr 1.

Eigarar av stølen er Mikkjel  
Veslegard og Kåre Ola Etterlid.

Postadresse for begge: 3570 AL.

Büskerüd fylke.

DYREGRAV MED LEIEGJERDE,  
SKARVANGSTØLEN I.

Målt, beskrive og fotografert  
28. aug. 1979 av Ola Ellingsgard.

KARTREF: M 711 1516 I, ca. 632 393

Utanom ramma for  $\phi$ . k.

Ca. 1200 m. s.v. for krysset Hemsedals-  
vegen - Gravabottvegen, Ca. 1350 m. o.k.

TERRENGET er ürdüt med små

grasflekker inniblandt. Kjempebløtter på n. vestre sida, berg og urd på s. austre sida.

Frå dyregrava ser ein n. vestre delen av Skarvangstøltjønne og dei gamle büene på Skarvangstølen.

I s. vest syner ein spiss stein mot himmelen, 70-75 m. undan.

Her er trüleg einaste leida dyra kan gå på gras/lav då dei trekkjer over dalen frå fjella ved Lävudalsbrua/Vermematten i s. a. og skal opp på Skarvangstølbottane og Reineskarvet.

DYREGRAVA (Skarvangstølen I)  
er müra, har trüleg vore rek-



tangulcer, er delvis nedgraven  
og delvis oppbygd over bakken  
og har lengderetning S.V.-N.A.  
Målbar lengde er 160 cm.

Breidda er ikkje målbar, då  
s.a.-veggen er nedrasa

Djupna er 140 cm. frå noverande  
jordbatt til høgste punktet av  
n.v.-veggen som er mest heil  
og er bygd 60-70 cm. opp over  
bakken.

Urdene omkring gjer at det  
har vore lite bruk for leiegjerde.

Det er berre tegn etter slike  
2 m. utover frå austre hjørna  
og 3-4 m. ut frå nordre hjørna.

Mellom desse to hjørna synest  
det å vera fylt opp med jord,  
som ei bru opp til nord-austre  
enden av grava.

tomter, et delvis nedgrovet  
 og delvis oppdygd over bakken  
 og var lengden omkring 2 v. n. a.  
 Målbar lengde er 150 cm.  
 Bredden er like målbar, da  
 s. a. veggene er nedgrovet.  
 Djupene er 140 cm fra overkanten  
 jordbakk til høyeste punkt og  
 m. v. veggene som er mest høye  
 og er dygd 50-70 cm opp over  
 bakken.

Likene omkring fjellet det  
 var som lite bark for leirjorde  
 Det er bare fjell og ikke slike  
 2 m. utover fra overste fjell  
 og 3-4 m. ut fra nordre fjell  
 Mellom disse to fjellene er  
 det å være fyllt opp med jord  
 som er fyllt opp til nord-øst  
 i den av grenen

## NAMET PÅ FJELLET: Skarvangstølen I.



Foto fra aust.

Sekken står i "innpåmarsen"  
 fra nord-aust.

På overgangen inn i  
 Skarvangstølen bakkene i øst  
 m. v. Av Skarvangstøltjønne  
 kan ein sjå nordre landet.

NAMNET PÅ EIGEDOMEN:

Skarvangstølen --

(Sjå elles dyregrav I, s. 2)

DYREGRAV MED LEIEGJERDE,  
SKARVANGSTØLEN II.Malt, beskrive og fotografert  
28. aug. 1979 av Ola Ellingsgard.KARTREF: M711 1516 I, ca. 631 394.

Utanom ramma for Ø.k.

160-170 m. u.s.v. for grav I.

Liknande TERRENG som ved  
grav I, men litt høgare, op-  
nare. På overgangen inn i  
Skarvanstølbattane i v. og  
n.v. Av Skarvangstøltjønne  
kan ein sjå nordre landet.

Dei gamle büene på Skarvangstølen syners ikkje.

### Dyregrava (Skarvangstølen II)

er müra, rektangulær og har lengderetning S.O.-N.O.

Lengda er 140 cm. i övre kant, 180 cm. i botnen.

Breidda er ca. 70 cm. i övre kant, mögeleg litt meir i botnen.

Målbar djupn ca. 130 cm.

Av dette ser det üt til at 40-50 cm. har vore bygt over bakken.

Söraüstre langveggen er sterkt nedrasa. I nordvestre langveggen er ütmykta den loddrette flata av ein jordfast stein ca. 50 cm. under

övre kant.

I nord-austre enden syner  
grasvaksen jordfylling opp  
mat kanten.

Leiegjerde-

- frå nördre hjörna i ca. n.-aust  
leg retning 18-19 m. mat  
grov ürd.

- frå aüstre hjörna i aüst-  
leg retning 11 m. til jordfast  
stein. Frå denne syner  
gjerdet svært lite 3 m.  
over eit grasgjøngt pass  
som nödvendigvis må ha  
være sperra.

- frå söre hjörna i retning  
ca. s.v. ca. 30 m. Svakt  
steingjerde mellom jord-  
faste steinar, til liten  
bengknatt.

- Från vestre hjörna i retning ca. v., 16-17 m. Svakt gjerde til ürd.

## Skarvangstölen II.



Foto från nord-nord-öst.

NAMNET PÅ EIGEDOMEN:

Skarvangstølen --.

(Sjå elles dyregrav I, side 2)

DYREGRAV MED LEIEGJERDE,  
SKARVANGSTØLEN III.Malt, beskrive og fotografert  
30. aug. 1979 av Ola EllingsgårdKARTREF.: M711 1516 I, ca. 616 405.

Litanom ramma for Ø.k.

Ca 2400 m. v.v.m.v. for vegkryss-  
et Hemsedalvegen-GravabattvegenORIENTERING OM DYRETRÉKK.Frå dei vide, godlendte Skarvang-  
stølbattane stig ein brei dal-  
senkning i nord-vest opp mot  
høgdedraget sør-vest for Skar-





TERRENGET ved grav III.

Den ovenfor nemnde dal-senkninga som stig opp frå Skarvanstølbattane har ird og berg i begge sidene, men etter midten er landskapet småkupert med uder og bergknattar og graseggar i mellom.

Der oppstigninga slaknar litt, på kanten av eit plateå, ligg dyregrava.

Vid utsikt mot aust, sektor Skogshorn - Lauvdalsbrøa.

DYRE GRAV III er mura, rektangulær og har lengderetning n.a.-s.v. Lengda er ca. 120 cm. i øvre kant, ca. 150 cm. i botnen.

Breidda er ikkje målbar p.g.a. sammenpressing. Største målbare

djup til nøyende jordbatt er  
130 cm. Oppbygg over bakken  
varierer frå 70 cm. på n.o.-sida  
til 20 cm. i s.o.-enden.

Tverrhellene (dei lange stein-  
ane/hellene som dannar  
siste rasta i endeveggene)  
ligg på plass.

herregjerder:

- Frå vestre hjørna ca. 13 m. mot  
v. til stor stein med urd på  
n.-sida.

- Frå nördre hjørna ca. 10 m.  
mot n. til urd.

- Frå austre hjørna ca. 5 m.  
a. n. a. til stor stein, vidare  
ca. 14 m. mot s.s.a. til lite  
berg.

- Frå søre hjørna velså 30 m.  
til lite berg.

130 cm. Öppning över botten  
 varietet för 10 cm på n-sida  
 till 20 cm i s-v-enden.

Tunnarellena (dei lange stein-  
 overfullene som dannet  
 sig i roste i endebegge)

ligger på plass

herdgratene:

-Før østste hjørne ca 13 m. vest

o. til østste stein med utd på

n-sida

-Før mæske hjørne ca 10 m.

mot n. til utd.

-Før østste hjørne ca 2 m.

a m. o. til østste stein, videne.

ca. 14 m. mot s. o. til like

berg

-Før sør hjørne vel ca 80 m.

til like berg

### Skarvangstølen III.



Foto fra sør-sør-vest.

OM DYRETREKK, se under grav III,  
side 10-11.

NAMNET PÅ ELGEDOMEN:

Skarvangstølen --.  
 (sjå elles dyregrav I, side 2)

DYREGRAV MED LEIEGJERDE,  
SKARVANGSTØLEN IV.

Oppmålt, beskrevet og fotografert 30. aug. 1979 av Ola Ellingsgård.

KARTREF: M 711 1516 I, ca. 613 405.

Utanom ramma for  $\phi$ . k.

Ca. 2600 m. v.u.v.u. for vegkryss-  
 et Hemsedal-Bravatatten.

I Ca. vestlig retning ulså 200 m. frå  
 dyregrav III.

OM DYRETREKK, sjå under grav III,  
 side 10-11.

TERRENGET. Dyregrav IV ligg i ein liten stråning som kallar med i den innerste n.-vestre partien av dalføret som er beskrevet på side 11. Vesentleg steinurd. Nokk snøfenner.

Trang utsikt. Einast mat s.a. er det langt augneleite, og der kan ein sjå taurdalsbroa.

DYREGRAV IV er mura, rektangulær og har lengderetning n.n.v.-s.s.a.

Lengde i øvre kant, 135 cm., i botnen 170 cm.

Breidde ca. 50 cm. N.-austre langveggen er noko impresse, truleg av leirbakken som

TERRENGET. Dyregren IV ligger i en liten skråning som kaller seg i den innerste del av den nordvestre delen av dalen. Som er beskrevet på side 11. Ved utløp av stien er det en liten grav. I den nordvestre delen av dalen er det en liten grav. I den nordvestre delen av dalen er det en liten grav.

DYREGRAV IV er en liten, rektangulær grav som ligger i den nordvestre delen av dalen. Den er ca. 1,32 m bred og 1,70 m lang. Den er bygget av småstein og er fylt med jord. Den er en av de mange gravene som finnes i dalen.

hallas mot denne sida. På an-  
 Djup ca 145 cm. til nøyende  
 jordbatt. I synleg stenevold  
 Oppbygd over terrenget 50-60  
 cm. i sørvestre sida, mindre  
 i nordaustre. Løse steiner ca 30 m.  
 Grava er godt murta og lite  
 nedrasa. I den nordvestre enden ligg tuerr-  
 hella på plass. Nesten ikkje  
 jordfylling ("brü") opp til  
 hella. Jorda er truleg vaska  
 ned i ürda.  
 Leiegjerder:  
 Frå søne hjørna ca. 30 m. mot  
 s.s.a. til lite berg.  
 Frå vestre hjørna ca. 15 m.  
 mot v.s.v., med skråning gje-  
 nom småsteinut ürd til  
 grøvre ürd som berre er litt

"forsterka" her og der. På an-  
 dre sida av denne held ei  
 nesten usynleg steinrad  
 fram ca. 20 m. via storstein  
 til grov ured.

Frå nördre hjørna ca. 30 m.  
 mat n.n.v. (høvidretning)  
 gjennom småsteinut ured.

Frå austre hjørna ca. 17 m.  
 i a.n.a. til over grusbakke  
 og småsteinut ured opp slak  
 skråning til grov ured.

Velså 20 m. n.v. for grava  
 er opplagt nakne steinar  
 (kan knapt kallast mūr)  
 i ly for ein storstein. Ut-  
 sikt mot grava.

Lårdalsbrøa kan sjåas

NAMNET PÅ EIGEDOMEN:

Skarvangstølen IV. 98, b. nr. 2



Foto fra nord-vest, fra steinen  
 som er nevnt på s. 18. Løve-  
 Lauvdalsbrua i bakgrunnen  
 til venstre.

Utanom ramma for P. k.



NAMNET PÅ EIGEDOMEN:

Jonstølen, q. nr. 98, br. nr. 2.  
i Ål.

Eigar Torleiv<sup>E</sup> Haga

Postadresse: 3570 Ål.

Buskerud fylke.

FANGSTANLEGG MED TRE  
DYREGRAVER OG LEIEGJERDE.

Oppmålt, beskrevet og foto-  
grafert 6. sept. 1979 av

Ola Ellingsgard.

Påvist av Torleiv E. Haga.

KARTREF: M 711 1516 I, ca. 593 471.

Ca. 2000 m. s.s.a. for  $\Delta$  Store-  
bottskarvet.

1350-1400 m. o. h.

Utanom ramme for  $\phi$ . k.

Anlegget ligg rett s. for Jonstäl-  
nuten (også kalla Veslebattnuten)  
mellom „söre“ (austre) Jonstäl-  
batten i aust og Storebatten  
i vest.

TERRENGET er småkupert  
og stig mot vest med urder,  
berg og grangangar.

Trekket går aust eller vest  
mellom 3-4 bergknattar.

Gravene ligg nærast para-  
lelt, men det er ikkje saman-  
hengande kunstige gjerde  
mellom dei.

Frå alle 3 gravene kan ein  
sjå Skogshorn i a.a.m.a.

Alle gravene er mura.

DYREGRAV I ligg lengst  
nord. Ho er plassert i ein

Liten morenerogg med tord-  
er, kloss på nordsida av ein  
steinblakk (ca.  $1 \times 1,5$  m) med  
liten varde oppå.

Forma er litt uregelmessig,  
men nærast rektangulær.

lengderetning a.-v. omlag

lengda er 180 cm. i øvre kant.

Ikkje målbar i botnen. Breid-  
da i vestre ende er 60 cm. i  
austre ende 80-90 cm.

Målbart djup 160 cm. Der-

noke nedrasa, serleg i mör-  
dre langsida.

I søre langsida er overkant-  
en omlag i høgd med terr-  
enget, på dei andre kant-  
ane noko oppbyggd, mest  
i vestre ende.

På nordsida ringar ein

- Den mest opprømte av alle  
 er klassen på nordsida av  
 steinbakk (ca 1 x 2 m) med  
 liten vann oppå.  
 Formen er litt uregelmessig  
 men nok et rektangel.  
 Lengden er ca 180 cm. i sør-vest  
 retning og ca 100 cm. i  
 øst-vest retning. Den er  
 omgitt av en 80-90 cm  
 høy jordmur. I sør-vest  
 hjørnet er det en  
 liten åpen plass. I sør-vest  
 hjørnet er det en  
 liten åpen plass. I sør-vest  
 hjørnet er det en  
 liten åpen plass.

særestig seg framom grava.  
 Han er tydeligvis i bruk idag,  
 og syner godt heile overgang-  
 en mellom Søre Jonstälbatt-  
 en og Storebatten.

Leiegjerde: ca 10 m

- Fra n.-øst hjørna om lag  
 i n.a. retning 19 m. til 8 m.

breid jord. Derfra 12 m.

Steingard mot n. til jord

- Fra n.-vestre hjørna i n.n.-  
 vestlig retning ca. 10 m. Der-  
 fra ca. 5 m. i vestlig retning

og vidare ca. 26 m. i n.-vestlig  
 til jord, avbraten av enkel-

te store steinar og små tuder.

- Fra 2-3 m. ut fra s.-vestlige  
 hjørna, steingard i vestlig  
 retning ca. 13 m. til jord.

Frå same hjørna i s.s.-vest-

leg retning 7 m. steingard. Med andre ord: Frå vest leier 2 trakter inn mot grava.

- Frå den store steinen på sørlege langsida går steingard i S.-austleg retning ca. 10 m.

DYREGRAV II ligg 60-70 m. S.U. for I. Grava har lengderetning aust-vest og ligg i ein liten langsgående dalsenkning. Liten knaus på S.-vestre sida og likeeins på N.N.-vestre sida. Forma er nærast rektangulær, men med litt utsvinga sider, (litt oval). Lengda er 120 cm. i overkant, litt meir i botnen. Breidda er ca. 60 cm. på midten. Djupet er, so vidt

Det kan malast, 155 cm.

På n.-sida er grava oppbygd  
90-100 cm. over terrenget,  
på s.-sida ca. 80 cm.

I austre og vestre ende er  
det oppbygd ei skoåplan av  
jord, som er græsvekse.

Tuerrsteinar.

Leiegjerde:

- Foå n. austre hjørna i n.-leg  
retning 10-12 m. til rygg med  
årder
- Foå n. vestre hjørna i n.-vest-  
leg retning m.
- Foå s.-vestre hjørna ca. 17 m.  
over lav og gras i s.-vestleg  
retning til førnemdte kraus.
- Foå s.-austre hjørna ca 20 m.  
i springar. Horidretning ca s.a.  
~~s.a. og springande med s.~~  
lågsteinigard over lav og gras.

DYREGRAV III ligg ulso 70m.

s.s.a. for II.

Lengderetning aust-vest,  
på tvers av ein liten dal-  
senkning som har grov jord  
på n.-sida av grava.

Form oval (?)

Lengda er 130 cm. i övre kant

Ikkje målbar i batur.

Breidde ca. 60 cm. i övre kant.

Mellom steinane som er  
fylt i kan ein mala 180 cm.  
djup.

Grava er tydeleg attfylt  
eingang. Grusfyllingane  
inn på frå endane serer  
godt. Tverrstein på plass  
i vestre ende.

Grava er oppbygd over terr-  
enget på tvers av dal-senk-

DYREGRAV III ligg vid 70m

s.s. a for II

Längst ut i öst-vest  
 på 70m i öst-vest  
 sent i öst-vest  
 på 70m i öst-vest  
 sent i öst-vest

Längst ut i öst-vest  
 på 70m i öst-vest

Mellan skivorna som är  
 på 70m i öst-vest

på 70m i öst-vest  
 på 70m i öst-vest

på 70m i öst-vest  
 på 70m i öst-vest

på 70m i öst-vest  
 på 70m i öst-vest

på 70m i öst-vest  
 på 70m i öst-vest

på 70m i öst-vest  
 på 70m i öst-vest

ningen. Vanskeleg å vita kor  
mykje.

Leiegjerder:

- Frå s.-austre hjørna i retning  
a.s.a., svingande mot s., ca. 30  
m. stengard over lav og gras.
- Frå n.-austre hjørna ca. 10 m.  
n.n.a. til uod.
- Frå n.-vestre hjørna ca. 5 m.  
i retning u.n.v. til grov uod
- Frå s.-vestre hjørna ca. 6 m.  
til berg.



## Jonstølen II og III.



Foto fra nord-nord-vest.  
 Dyregrav II med leiegjerdes  
 Eine leiegjerdet til grav III  
 Syner i bakgrunnen til venstre

26. november 1979.  
AEC/EN-J.1933/79.

Ola Ellingsgard,  
3570 AL.

Mange takk for Deres brev av 16. november med bilag. Det var virkelig spennende ting å se på i bilaget, både gravområdet i Veståsen og dyregravene på fjellet. Jeg er enig i at dyregravene i Veståsen er litt usikre, og vi har også andre eksempler på at en rotvelte med tiden kan bli skuffende lik en dyregrav.

Så snart noen fra museet er på de kanter får vi ta en nærmere kikk på området og eventuelt foreta en ganske liten prøvegravning.

Når det gjelder materialet fra fjellet, er jo dette mer typiske reinsgraver slik vi kjenner dem flere steder i høyfjellet. Jeg arbeider ikke selv spesielt med fangstanlegg og kommer til å overlate materialet til min kollega, Christian Keller, som er spesielt interessert i denne typen fortidsminner.

Jeg går ut fra at De har hatt en del utlegg i forbindelse med arbeidet, - jeg tenker på porto og utgifter til fotografering. Dette refunderer vi gjerne hvis De vil være brydd med å sende en regning.

Takk for fin innsats!

Beste hilsen

Arne Emil Christensen